



Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 STAVANGER

Dato: 07.12.2017
Vår ref.: 2017/2682-62
Saksbehandlar: berkilv
Dykkar ref.:

Vedtak om representasjon i regionale brukarutval - Helse Vest RHF

Fylkeseldrerådet i Hordaland har blitt merksam på at det er gjort endringar i forslag til vegleiande retningslinjer for oppnemning av medlemmer i brukarutvala i dei regionale helseføretaka. Vi viser til dokumentet "*Brukermedvirkning på systemnivå i helseforetak*" av februar 2017. I kapittel 5, pkt 5.1, *nominasjon*, vert representasjon frå dei eldre formulert slik: "For å ivareta de eldre særelege behov inviteres som hovedregel Pensjonist-forbundet. "

Fylkeseldrerådet i Hordaland er gjort kjent med at fylkeseldrerådet i Troms fylke har reagert på den føreslåtte endringa, og at dei i sitt møte den 30.11.2017 i sak 25/17 har vedtatt ein uttale til Helse Nord RHF, der dei konkluderer med å be om at "nåværende ordning opprettholdes".

Fylkeseldrerådet i Hordaland har i møte 07.12.2017 i sak PS 54/17 gjort vedtak om å støtta innhaldet i det vedtaket som Fylkeseldrerådet i Troms har gjort, og i tillegg sende eit eige brev i saka til Helse Vest.

Fylkeseldrerådet i Hordaland reagerer, liksom Fylkeseldrerådet i Troms, på at berre **ein** organisasjon for eldre skal ha fortrinn på å verta spurde om å oppnemne kandidatar til medlemmer i brukarutvala. *Endringa er ei innsnevring av tidlegare praksis og ei tilsidesetting av andre organisasjonar for eldre.* Tidlegare blei Fylkeseldreråda spurde om å oppnemna medlemmer til brukarutvala i sin region. Medlemmene i fylkeseldreråda kjem frå ulike organisasjonar med dét felles at dei alle er opptekne av å ivareta dei eldre sine interesser på ulike område. Fylkeseldreråda har difor brei og variert kompetanse på området eldre situasjon og erfaring. Pensjonistforbundet representerer ca 225 000 av dei totalt ca 800 000 pensjonistane i Noreg, Fylkeseldreråda representerer om lag alle pensjonistar i Noreg fordi råda er samansette av personar frå ulike pensjonistorganisasjonar og råd for eldre.

Fylkeseldrerådet i Hordaland ber difor om at det ikkje vert gjort endringar i retningslinjene for nominering av kandidatar til brukarutvala.

Med venleg helsing
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Helse Fonna HF
Haraldsplass Diakonale Sykehus